



FØRESEGNER

§ 1
Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§ 2
Området er regulert til fytgjande føremål:
Byggeområde
Landbruksområde
Offentlege trafikkområde
Fareområde
Spesialområde
Fellesområde

§ 3 BYGGEOMRÅDE - FRITIDSBUSTADER
a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet og i samsvar med Innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innom hyttevegane. Mindre justering av hyteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.
b) For fritiliggande hytte skal bebyggd areal BYA ikkje vera større enn 100 m². Bygget skal ha saltak med gesimshøgde på maksimalt 3 meter og største monehøgde på 6 meter målt frå topp grunnmur.
c) På kvar tomt skal det berre oppførast ei hytteeinling.
d) På kvar hyttetomt kan det oppførast uthus/bod på inntil 10 m² knytt til hovudbusetnaden slik at bygga dannar eit tun. Uthuset skal byggast med saltak, største gesimshøgde på 2.5 meter og monehøgde på maksimalt 5 meter målt frå topp grunnmur. Bygget skal førast opp utan isolasjon og innvendig kledding og med vindauge i avgrensa omfang.
e) Bygg skal best mogeleg underleggast naturpreget i området og ha ei enkel og god utforming. Utvendig skal det nyttast trematerialar, ståande kledding og naturvenlege fargar.
f) Bygg kan berre oppførast i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje overstige 80 cm.
g) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 22 - 30 grader. Taktekking skal vera torv eller mørke bord.
h) Eksisterande vegetasjon og terrang skal i størst mogeleg grad takast vare på.
i) Det skal ikkje setjast opp gjerde eller fleggstenger i området.
j) Der hyttene står på pillarar, må det gjerdast mellom desse på grunn av sau m.v.
k) Båthus vert ikkje godkjend.

EKSISTERANDE HYTTER
Eksisterande hytter kan byggast på og uthus setjast opp i samsvar med reglane i §3 etter løyve frå Vinje kommune.

VATN OG AVLAUP
Hytter i det regulerte området kan ha låg, middels eller høg sanitært teknisk standard. Ved utbygging av middels eller høg sanitær standard, må det ligge føre avlaupsplan godkjent av Vinje kommune.
Hytter i det regulerte området med låg sanitært teknisk standard skal nytte biologisk do og har ikkje høve til å legge inn vatn. Desse må hente vatn frå oppsette vasspostar i området.

RENOVASJON
Hushaldsavfall vert teke hand om av kommunen gjennom tvungen kommunal renovasjonsordning. Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå kommunen.

STRAUMFORSYNING
Straumforsyning i området skal leggast i jordkabel.

§ 4 LANDBRUKSOMRÅDE
Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygg knytt til slik drift kan oppførast i området etter godkjenning frå Vinje kommune.

§ 5 SPESIALOMRÅDE
Opparbeidd privat veg skal nyttast som tilkomstveg til hytter og parkeringsplassar. Frieltsone skal halvast reine for lekamar som på nokon måte hindrar fri sikt. Vegen til tomtene nr 5-9 skal berre nyttast for av- og pålesing ved hytta. Parkering skal gjerast på felles parkeringsplass ved fylkesvegen. Det skal opparbeiddast 2 parkeringsplassar for kvar hytte til sommar- og vintarparkering. Dette gjeld også dei gamle hyttene i feltet. Byggeøyve vert ikkje gjeve før tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeidd. Dersom parkering skjer på annan eigedom, må det ligge føre tinglyst fråsegn om varig rett. Område regulert til kommunalteknisk verksemd, skal nyttast til reinseanlegg, etterpolaringsanlegg og renovasjon.

§ 6 DISPENSASJON
Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene.

§ 7 PRIVATRETTSLEGE AVTALER
Etter at planen med tilhøyrande føresegnar er vedteke, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.

TEIKNFORKLARING
PLAN- OG BYGNINGSLOVA §25, REGULERINGSFORMÅL

BYGGEOMRÅDE (§ 25, nr 1)
 Fritidsbusetnad
 Nye hytter

LANDBRUKSOMRÅDE (§25 nr 2)
 Jord- og skogbruk

OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE (§25 nr. 3)
 Fylkesveg

FAREOMRÅDE (§25, nr 5)
 Fareområde, høgspennetline

SPECIALOMRÅDE (§25, nr 6)
 Privat veg
 Kommunalteknisk verksemd
 Reinseanlegg
 Frieltsone
 Vasspost

ANNA SYMBOLBRUK
 Tomtenummer
 Plangrense
 Formålsrense
 Eksisterande bygg
 Fylkesveg
 Byggegrense
 Stig
 Høgspennetline
 Eigdomsgrense
 Bekk

VINJE KOMMUNE
 Arkivtenesta
 21 JUNI 2004
 Ark.kode P: 7698/04
 Ark.kode S:
 Dok.nr:
 Saksh: Seksj:
 Kassa: Seksj.år: Gradering:

Kartgrunnlag: Økonomisk kartverk
 Koordinatsystem: NGO Akse II
 Ekvidistans: 5 meter
 Målestokk: 1 : 2000

Kartmålestokk
 Vinje Kommune
 REGULERINGSPLANEN 1:2000
 Dato 15.12.04
 PL Sak 04/113
 dette er
 *mindre vesentleg endring av plan vedteken
 27.06.01

UTBYGGINGSPLAN MED FØRESEGNER FOR						KARTBLAD:	
DEL AV GIBØEN, GNR 158 BNR 1							
REVISJONAR	DATO	SIGN.	REVISJONAR	DATO	SIGN.		
Tilkomstveg til hytter nord for fylkesvegen	15.06.04	MK					
Endra sanitær standard m.m.	15.09.05	MK					
Endra til samsvar med Planutvalsvedtak 27.06.01	24.07.01	MK					
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA							
KUNNGJERING VEDR. REG. ARBEIDET					DATO	SIGN.	
HANDSAMING FYRSTE GONG I PLANUTVALET					25.04.01		
UTLEGGJING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSROMET							
PLANUTVALET SITT VEDTAK I SAK 70/01					27.06.01		
STADFEST AV:							
PLANEN ER UTARBEIDD AV:					DATO	TEIKNAR	SAKSHAND.
HM RIT A/S					24.07.01	KN/MK	
Gamleveg 55							
3800 BØ							